



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Finansdepartementet

Pb 8008 Dep
0030 OSLO

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2015/171	2236/2015	200	SVK/ US	02.03.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRINGSUTTALE - OVERFØRING AV
SKATTEOPPKREVJINGA TIL SKATTEETATEN**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.02.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 9/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Volda kommunestyre er negativ til forslaget om å overføre den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen til staten.*
- 2. Merknader til høyringsuttalen følgjer av saksframstillinga.*
- 3. Volda kommunestyre vil peike på at det er svært overraskande at staten kjem med dette forslaget midt i prosessen med kommunereforma, der nettopp intensjonane er å byggje kommunale robuste fagmiljø (også økonomifagleg) og redusere statleg styring og kontroll. Volda kommunestyre opplever at staten i denne saka undergrev sitt eige arbeid med kommunereforma, og Volda kommunestyre vil be om at forslaget om statleg skatteinnkreving vert trekt attende.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
KS Midt-Norge
Sunnmøre regionråd
Skatteoppkrevjaren i Volda

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Ove Bjerkvik

Arkivsak nr.: 2015/171

Arkivkode: 200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/15	Formannskapet	03.02.2015
9/15	Kommunestyret	26.02.2015

HØYRINGSUTTALE - OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJINGA TIL SKATTEETATEN

Handsaming i kommunestyret:

Frp v/Jenny Venås kom med fylgjande alternativt framlegg:

Den viktigaste funksjonen for skatteoppkrevjinga er å sikre skatteyter sin rettstryggleis, kreve inn rett skatt til rett tid, og være ein pådrivar i kampen mot svart økonomi.

I dag er denne kompetansen spreidd over sær mange kommunar, med til dels små fagmiljø. Samstundes har det vore store endringar i skatteetaten dei siste 20 åra.

Volda Kommune er opptekne av ein effektiv offentleg sektor som løyser oppgåvene den er sett til best mulig. I høyringsdokumentet er det gjort greie for dei fagleg positive sidene ved ei statleggjering av skatteoppkrevjaren.

I tillegg syner høyringsdokumentet at ein slik endring kan frigjere store ressursar gjennom effektivisering av offentleg sektor.

Samstundes vil dette frigjere ressursar som i dag er nytta til adminstrasjon i Volda Kommune til andre tenester som er stort behov for, eksempelvis innan pleie- og omsorgssektoren.

Volda kommune sluttar seg difor til konklusjonane i høyringsbrevet, og føreset at kommunane beheld det auka økonomiske handlingsrommet dette gir.

Volda kommune vil også be regjeringa vurdere om det bør veljast andre lokaliseringar på dei sentrale funksjonane, enn det høyringsbrevet legg opp til.

Volda Kommune har i dag gode kompetansmiljø i offentlig sektor, ein framtidsretta høgskulemiljø og gode kommunikasjonar. Regjeringa bør difor vurdere om Volda Kommune vil kunne være ein eigna stad for lokalisering av nye statlege arbeidsplassar.

Det vart halde gruppemøte.

Etter gruppemøtet slutta Høgre seg til framlegget frå Frp. Frp og Høgre fremma det som eit felles framlegg.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå formannskapet og fellesframlegget frå Frp og H, fekk tilrådinga frå formannskapet 17 røyster og vart vedteken. Fellesframlegget fekk 10 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 26.02.2015

- 1. Volda kommunestyre er negativ til forslaget om å overføre den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen til staten.*
- 2. Merknader til høyringsuttalen følgjer av saksframstillinga.*
- 3. Volda kommunestyre vil peike på at det er svært overraskande at staten kjem med dette forslaget midt i prosessen med kommunereforma, der nettopp intensjonane er å byggje kommunale robuste fagmiljø (også økonomifagleg) og redusere statleg styring og kontroll. Volda kommunestyre opplever at staten i denne saka undergrev sitt eige arbeid med kommunereforma, og Volda kommunestyre vil be om at forslaget om statleg skatteinnkreving vert trekt attende.*

Handsaming i formannskapet:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet 03.02.2015 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre er negativ til forslaget om å overføre den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen til staten.*
- 2. Merknader til høyringsuttalen følgjer av saksframstillinga.*
- 3. Volda kommunestyre vil peike på at det er svært overraskande at staten kjem med dette forslaget midt i prosessen med kommunereforma, der nettopp intensjonane er å byggje kommunale robuste fagmiljø (også økonomifagleg) og redusere statleg styring og kontroll. Volda kommunestyre opplever at staten i denne saka undergrev sitt eige arbeid med kommunereforma, og Volda kommunestyre vil be om at forslaget om statleg skatteinnkreving vert trekt attende.*

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommunestyre er negativ til forslaget om å overføre den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen til staten.
2. Merknader til høyringsuttalen følgjer av saksframstillinga.
3. Volda kommunestyre vil peike på at det er svært overraskande at staten kjem med dette forslaget midt i prosessen med kommunereforma, der nettopp intensjonane er å byggje kommunale robuste fagmiljø (også økonomifagleg) og redusere statleg styring og kontroll. Volda kommunestyre opplever at staten i denne saka undergreiv sitt eige arbeid med kommunereforma, og Volda kommunestyre vil be om at forslaget om statleg skatteinnkrevjing vert trekt attende.

Vedleggsliste:

- 1 Høyringsbrev 01.12.2014
- 2 Brev til kommunane 04.12.2014
- 3 Høyringsinstansar
- 4 Utgreiing overføring skatteoppkrevjarfunksjonen til skatteetaten

Saksopplysningar:

Finansdepartementet har 1.desember 2014 sendt ut eit forslag om å overføre ansvaret for skatteoppkrevjarfunksjonen til Skatteetaten. Forslaget inneber at det kommunale skatteoppkrevjarkontoret vert lagt ned, og at arbeidsoppgåvene vedkomande innkrevjing av skatt, arbeidsgjevaravgift, kontroll av arbeidsgjevarar, m.m., vert overført til Staten ved Skattekontoret.

Det er utarbeida ei felles saksutgreiing til uttale frå kommunane Hareid, Herøy, Sande Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Fristen for å kome med uttale i saka er sett til 2.mars 2015

Bakgrunnen for forslaget

Regjeringa har i Sundvollen-erklæringa uttalt eit ønskje om å effektivisere offentleg sektor og bruken av fellesskapet sine ressursar. Ein del av denne effektiviseringa, er ein gjennomgang av skatte- og avgiftsinnkrevjinga.

Det er allereie vedteke at innkrevjinga innan statlege etatar som Toll- og avgiftsetaten og Statens innkrevjingssentral skal overførast til Skatteetaten. Dette kan gjerast via organisatoriske endringar ettersom alle etatane er Statlege etatar. Når det gjeld den kommunale skatteoppkrevjaren, så vil ei overføring til staten krevje endringa av Skattebetalingslova.

Skattedirektoratet har etter oppdrag frå Finansdepartementet utgreia korleis skatteoppkrevjarfunksjonen kan overførast til Skatteetaten. Denne utgreiinga vart framlagt 24.november 2014, og er vedlagt saka. Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen har og

tidlegare vore utgreia i NOU 2004:12 Betre skatteoppkreving og NOU 2007:12 Offentleg innkreving.

Dagens organisering av skatteoppkrevarfunksjonen i Volda kommune

Skatt- og innfordringsseksjonen er organisert som eigen seksjon under økonomiavdelinga, og har i tillegg til skatteinnkreving også ansvar for innkreving av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav som td husleige, barnehage, pleie og omsorgstenester m.m.

Skatteoppkrevararen er leiar for seksjonen som har 2 tilsette. I tillegg kjøper Volda kommune kontrolltenester frå arbeidsgjevarkontrollen ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund tilsvarande 0,5 årsverk.

1,6 årsverk går hovudsakleg med til arbeid med skatterekneskap, innkreving av skatter og avgifter og arbeidsgjevarkontroll. 0,5 årsverk er knytt til innkreving av kommunale eigedomsavgifter og andre kommunale krav, samt administrasjon av dette.

Hovudpunkt i forslaget

Forslaget inneber at det kommunale skatteoppkrevarkontoret vert nedlagt, og at alle funksjonar vedkomande innkreving, arbeidsgjevarkontroll, skatterekneskap og rettleiing, vert overført frå kommunane til Staten ved skattekontoret. Kommunane skal framleis krevje inn eigne krav på kommunale avgifter, barnehage/SFO, m.m.

Overføringa skal sikre robuste fagmiljø, samt sikre ei meir samordna og effektiv innkreving. Det er ved val av lokalisering lagt vekt på å skape ei god regional fordeling av arbeidsplassar, og ei plassering der fleirtalet av skattyttarar og arbeidsgjevarar er lokalisert.

Innkrevinga vedkomande arbeidsgjevarar er føreslege overført til eit sentralt regionkontor. I vår region er dette Trondheim.

Innkreving av skatt frå personlege skattyttarar vert i regionen lokalisert på fire kontor. I Møre og Romsdal er det føreslege lokalisering på to kontor, i Kristiansund og i Ålesund. Det er berekna at kontoret i Ålesund vil nytte 8 årsverk til dette.

Kontrollen av arbeidsgjevarane er føreslege styrka. Denne kontrollfunksjonen er i Møre og Romsdal føreslege lokalisert i Ålesund, og ein vil nytte 20 årsverk til dette.

Føringa av skatterekneskapen er føreslege overført til eit sentralt kontor lokalisert på Lillestrøm.

Rettleiing ovanfor alle skattyttarar skal skje gjennom Skatteopplysninga (Skatteetaten si telefoneneste) på telefon 800 80 000, som dermed får ansvaret for heile skatte- og avgiftsområdet.

Kommunane i Norge nyttar i dag 1411 årsverk til skatteoppkrevarfunksjonen, og Skatteetaten nyttar 71 årsverk til oppfølging av skatteoppkrevarane. I forslaget til ny organisering er det estimert at oppgåva skal løysast med bruk av totalt 985 årsverk, ein reduksjon på 497 årsverk. Samla innsparing på landsbasis er estimert til omlag 370 mill.kr årleg.

Vurdering og konklusjon:

Merknader til høyringa

Mandatet

Mandatet til den gruppa som har levert utgreiinga har vore korleis ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen skal skje, og ikkje om ei slik overføring er hensiktsmessig. Når det gjeld spørsmålet om ei slik overføring bør skje, vert det berre kort vist til tidlegare utgreiingar som vart gjort i NOU 2004:12 Betre skatteoppkrevjing og NOU 2007:12 Offentleg innkrevjing. Det har vore store systemendringar sidan desse NOU'ane kom, og begge desse utgreiingane vart og framlagt med ein tydeleg dissens frå eit mindretal i utvala. Utvikling og bruk av nye elektroniske løysingar for arbeidsgjevarar og skattytarar, samt framtidssretta dataverktøy for sakshandsamarane på skatteoppkrevjarkontoret, har ført til ei meir effektiv og kostnadseffektiv innkrevjing.

Når det gjeld denne utgreiinga, så er det opplyst at det har vore eit klart premiss at det skal være Skattedirektoratet sitt forslag. Det har vore deltaking i utvalet frå Norges kemner- og kommunekasserar forbund, men desse representantane valte å trekke seg ettersom det ikkje vart opna for at deira motsegner skulle stå i rapporten. KS har heller ikkje vore representert i utarbeidinga av den rapporten som er grunnlaget for høyringa.

Det hadde vore sterkt ønskeleg at den utgreiinga som er grunnlaget for høyringa hadde vore meir balansert, slik at både sterke og svake sider med forslaget kunne blitt betre belyst.

Kommunal innkrevjing, økonomistyring og likviditet

Kommunen krev pr i dag inn egne krav i samarbeid med Lindorff AS som er samarbeidspartner på inkassosaker. Dette gjeld krav som kommunale avgifter, SFO, barnehage, kulturskule, m.m.

Det er innkjøpt eigna dataverktøy til denne innkrevjinga, og ein har nytta ressursar til opplæring av tilsette. Sidan Volda kommune krev inn egne krav, tilfell purregebyra kommunen. Dette fører til at ein får dekt delar av kostnadane til innkrevjinga.

Det vert i dag nytta personale som arbeidar både med innkrevjing av skatt og kommunale krav. Skatteoppkrevjar har det faglege ansvaret. At dei same personalressursane kan nyttast både til innkrevjing av skatt og kommunale krav, skaper synergieffektar for både kommunen og skatteinnkrevjinga. Det gjer det muleg å behalde og vidareutvikle innkrevjingsfagleg kompetanse, samt at ein breiare stab gjer ein mindre sårbar ved vakansar.

Skatteoppkrevjar gjev og innspel i budsjettprosessar, samt rapporterer skatteinnngang til kommunen si økonomiavdeling. Det er positivt at det er presisert i utgreiinga at det må leggjast til rette for at kommunane skal få like god tilgang på rapportar og informasjon som i dag.

Overføring av skatteinntekter til kommunane skal skje månadleg innan den tiande i påfølgjande månad. Skatteoppkrevjarane brukar i oppgjersmånader å forskotsfordele skatt til kommunane. Dette inneber at kommunane får overført sine skatteinntekter tidlegare, og får ei

betre likviditetsstyring. Forskotsfordelinga medfører og auka renteinntekter og/eller reduserte rentekostnader for kommunen. For ei kommune med skatteinntekter på 200 mill.kr i året, så utgjør desse rentene ca 230.000 kr rekna med ein rentesats på 3 %.

Utgreiinga anbefaler at mulegheita for forskotsfordeling vert vidareført, og at denne fordelinga vert automatisert. Skulle ordninga med forskotsfordeling av skatt til skattekreditorane bli avvikla, så vil dette medføre tapte rentekostnader og dårlegare likviditet. Kommunen er derfor positiv til at denne ordninga er anbefalt vidareført.

Risiko for provenytap

Skatt er den viktigaste inntektskjelda for kommunen. Skatteoppkrevjinga i Noreg har over tid vist seg å være meget god samanlikna med andre vestlige land, f.eks. har skatterestansane i Danmark auka etter at innkrevjinga vart statleggjort (frå 50 mrd. i 2006 til 82 mrd. i 2012 iflg den danske Riksrevisjonen). Ei omfattande omorganisering har klare risikomoment der kun ein marginal nedgang i innkrevjingsgradene vil føre til at inntektene vert redusert med meir enn Finansdepartementet sitt anslag for innsparing ved statleggjing.

Den kommunale skatteinnkrevjaren har svært gode innkrevjingsresultat. Desse er og betre enn staten sine egne resultat.

Dersom ein samanliknar innkrevjinga av samanliknbare skattartar som arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift, så synar det seg at kommunen sin desentraliserte innkrevjing av arbeidsgjevaravgift har eit resultat på 99,8 % innkravd, medan Staten si sentraliserte innkrevjing av meirverdiavgift syner ein innkrevjingsprosent på 99,4 %. Sjølv om dette avviket berre er på 0,4 %, så syner ein rapport som er utarbeida av Oslo Economics at endringar i innkrevjingsprosent på berre 0,05 -0,15 % vil kunne gjere statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen ulønsam. For kommunar som har innkrevjingsresultat som er betre enn landsgjennomsnittet, kan dette auke risikoen for provenytap.

Det er vanskeleg å prognostisere om ei statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen vil medføre tapte skatteinntekter for kommunen. Erfaringar frå Danmark som har vore gjennom ei liknande statleggjing er negative, med ein sterk vekst i restansane. Det er vesentlege forskjellar mellom Norsk og Dansk innkrevjing av skatt, og det er vanskeleg å trekke bastante konklusjonar. Eit hovudpoeng bør være at ein bør nytte eit forsiktighetsprinsipp og avvente gjennomføringa av ein ugjenkalleleg reform før ein har sikrere kunnskap om konsekvensane.

Reduserte kostnader for kommunane ?

Ved ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til Staten, vil kommunane få reduserte løns- og driftskostnader. Typiske driftskostnader som kan bli redusert er husleige, IT-utstyr, lisensar, porto, telefon, og andre administrative kostnader.

Det vert i utgreiinga opplyst at Skattedirektoratet har identifisert eit gevinstpotensiale for kommunane ved ei overføring av oppgåver og ressursar til Skatteetaten, utan at dette er nærare identifisert. Det vert derimot opplyst at det ikkje har vore mogleg å utarbeide tilfredstillande estimat over potensielle verknader/effektar.

Ein har ved tidlegare statleggjing av oppgåver, opplevd at kommunane får trekk i rammetilskotet for tenesta som vert overført. Seinast var dette tilfellet ved overføringa av

ansvaret for overformynderia til Staten ved Fylkesmannen. I utgreiinga pkt. 10.1 er denne viktige økonomiske konsekvensen for kommunane ikkje drøfta, og det er berre opplyst at dette ligg utanfor utgreiinga sitt mandat å vurdere.

At eit så viktig spørsmål for den økonomiske effekten for kommunane ikkje er utgreia, men ligg sist under eit kapittel om kostnadsreduksjon i kommunane, er vel den største svakheita i heile utgreiinga.

Tap av arbeidsplassar – sikkerheit for tilsette

Ved ei statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen, vil kommunane tape kompetanse dersom dagens tilsette følgjer med over til Staten. Dette er kompetanse som kommunane treng til eigen innkrevjingsverksemd, og er gjerne av økonomisk / juridisk art. Dette vil og medføre tap av kompetansearbeidsplassar i distrikta.

Dersom dei tilsette fortset i kommunen, så vil tapet av skatteoppkrevjarfunksjonen føre til eit mindre fagmiljø, og tap av synergieffektar med den kommunale eigeninnkrevjinga. Dersom mange tilsette som arbeidar med skatteinnkrevjing ikkje skulle følgje med over til Staten, så vil det og for Staten vere eit tap av kompetanse som i ei overgangsperiode vil kunne true produksjonen.

Det er i utgreiinga ikkje avklara om ei overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen skal reknast som ei verksemdoverdraging, og kva som vil bli dei arbeidsrettslege konsekvensane for dagens tilsette. Det er opplyst at det må føretakast ei vurdering i kvar kommune om kriteria og vilkåra for dette er til stades. Det er i utgreiinga punkt 13.1.2 opplyst at det kan tenkast at arbeidstakarar i ulike kommunar får ulike rettar alt ettersom om dei kjem inn under reglane om verksemdoverdraging i arbeidsmiljølova § 16. Særleg uavklara er dette for tilsette som arbeidar deltid. Dette kan i verste fall bety at tilsette vil stå utan fast arbeid dersom prosessen vert gjennomført.

Dersom skatteoppkrevjarfunksjonen vert sentralisert til eit statleg kontor i Ålesund, så vil det medføre auka reisetid og reisekostnadar for tilsette som følgjer med over til Staten. For enkelte kan dette bety at dei må flytte frå dagens kommune.

Det er få konklusjonar i utgreiinga vedkomande dei personalmessige konsekvensane for dei tilsette. Dette skapar unødig usikkerheit. Fleire sider av dette burde ha vore avklara og betre opplyst før ein sende forslaget ut på høyring.

Lokalisering - kundeperspektiv

Ei sentralisering av skatteoppkrevjarkontora vil føre til større fysisk avstand for personar som i dag oppsøker kontora. Dette problemet er størst for eldre personar, og andre som har vanskar med å nytte elektroniske tenester. Det er dei siste åra gjort store framsteg vedkomande tilrettelegging av elektroniske tenester, men framleis er det behov for å kunne sette seg ned å snakke med kundane og gje personleg service.

Direkte kontakt er i tillegg til elektroniske tenester tenkt ytt gjennom Skatteopplysninga på telefonnummer 800 80 000. Ein har i dag blanda opplevingar med denne tenesta. Det kan i periodar vere lang ventetid på denne tenesta, og mange slit med dei ulike taste-vala. I dag medfører desse problema at kundane tek kontakt med skatteoppkrevjar vedkomande spørsmål

som skal til skattekontoret av di dei ikkje får kontakt. For desse kundane vil ei sentralisering av skatteoppkrevjarfunksjonen kunne medføre ein betydeleg redusert service.

Dei siste åra har ein på Søre Sunnmøre opplevd at skattekontoret både i Volda og på Fiskåbygd er lagt ned. Dette medfører at skattekontoret i Ulsteinvik er det einaste skattekontoret i vår region. Parallelt med statleggjeringa av skatteoppkrevjarfunksjonen, vert det gjort ei vurdering av lokaliseringa av skattekontora. Dette er ikkje medteke i den høyringa som no ligg føre.

Ein rapport om kvar skattekontora skal være lokalisert er planlagt framlagt i mai 2015. Innhaldet i denne rapporten er ikkje klar, men det ligg føre eit klart mål om at skattekontoret skal være lokalisert på færre kontorstadar enn i dag. Skulle ein konsekvens av denne rapporten være ein nedlegging av skattekontoret i Ulsteinvik, så vil dette være ei ytterlegare svekking av servicen ovanfor skatteytarar på Søre Sunnmøre.

Totalt sett saknar ein eit sterkare fokus på service ovanfor bedrifter og private skattytarar.

I den pågåande kommunereforma, er det lagt vekt på å flytte makt, ansvar og oppgåver til større og meir robuste kommunar. Det er eit mål å syne større tillit til lokalpolitikarar, og å gje kommunane meir handlingsrom for å løyse oppgåvene på eit lågast muleg organisatorisk nivå. Ei statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen vil være i strid med denne målsetjinga.

I kva grad kommunereforma vil medføre større og meir robuste einingar, er førebels uklart. Ein bør derfor vente med ei statleggjering av skatteoppkrevjarfunksjonen til ein ser om kommunereforma vil avhjelpe svakheitene ved dagens små skatteoppkrevjarkontor.

Oppsummering

- Dagens innkrevjing er svært effektiv
- Høg risiko for dårligare innkrevjingsgrad etter statleggjering
- Skatteoppkrevjar er viktig for lokal økonomistyring
- Prosessen bør sjåast i samanheng med kommunereforma
- Flytting av kompetansesarbeidsplassar
- Usikkerheit for tilsette

Det er svært overraskande at staten kjem med dette forslaget midt i prosessen med kommunereforma, der nettopp intensjonane er å byggje kommunale robuste fagmiljø (også økonomifagleg) og redusere statleg styring og kontroll. Rådmannen opplever her at staten i denne saka undergrev sitt eige arbeid med kommunereforma. Forslaget bør trekkjast attende dersom staten skal opptre truverdig i høve til intensjonane om å byggje fagleg sterke miljø i kommunane og redusere statleg styring og kontroll. Det har lenge vore kjent at administrasjonen i Finansdepartementet har stor iver etter å overta skatteinnkrevjinga. Det er berre få år sidan eit slikt forslag vart nedstemt ved at kommunane sin argumentasjon vart lytta til. Det er slitande at dette forslaget kjem opp att gong på gong, og særleg når det no skjer midt i ei kommunereform. Her må kommunesektoren stille sin lit til at kommunal- og moderniseringsministeren gjer sitt for å kople dette opp mot intensjonane i kommunereforma.

Forslaget inneber ei rimeleg sterk sentralisering der sjølve tenesta og arbeidsplassane vert flytta ut av kvardagsregionane. Dette skaper større avstand og det fører til reduserte arbeidsplassar i distrikta.

Det interessante med denne saka er at ho vil setje staten på prøve om han er villig til å lytte til kommunane, eller om kommunane sjølv med reformspråket om mindre statleg kontroll mv vil verte overkøyrde?

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Tap av personale og kompetanse innan innkreving, vil få verknad på innkrevinga av kommunen sine eigne krav på kommunale avgifter, barnehage/SFO, m.m.

Dersom ein mistar kompetanse på dette området, vil det bli naudsynt med ei ny vurdering omkring innkrevinga av kommunen sine krav.

Skatteinntektene er svært viktige for kommunen sin økonomi. Forslaget kan få verknader for kommunen sine inntekter, likviditet og budsjettstyring.

På det noverande tidspunktet er det ikkje mogleg å talfeste desse verknadane.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Skatteoppkrevjaren i Volda
Finansdepartementet, postmottak@fin.dep.no
Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
KS Møre og Romsdal
Sunnmøre Regionråd